



Vår dato:

04.11.2024

Vår ref:

2023/8032

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Tom Dybwad, 5764 3123

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Hestad landskapsvernombord - utsending av godkjend forvaltningsplan

Statsforvaltaren i Vestland sender med dette ut den godkjende forvaltningsplanen for Hestad landskapsvernombord til alle aktuelle partar, jf. vårt brev av 04.03.2023 då vi sende framlegg til forvaltningsplan på høyring.

Forvaltningsplanen er eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift. Planen skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmaktene. Forvaltningsplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området.

Hestad landskapsvernombord vart oppretta 22.10.1971 som det første landskapsvernombordet i Norge. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyremakt for landskapsvernombordet.

Føremålet med Hestad landskapsvernombord er «å vera det særmerkte i eit vakkert naturlandskap som ramme om eit kulturminne».

Statsforvaltaren har i løpet av arbeidet med forvaltningsplanen også gjennomført korrigering av eigedomsatrikkelen i området, og gjennomført høyring for å justere vernegrensa for Hestad landskapsvernombord. Miljødirektoratet vedtok ny oppdatert forskrift med justert vernegrense for Hestad landskapsvernombord den 13.09.2024. Den nye justerte vernegrensa inneber at Hestadgrend bedehus ligg utanfor landskapsvernombordet, og at grensa følgjer ein meter djupne mot Viksdalsvatnet og Hestadfjorden. Verneforskrifta vart samstundes oppdatert m.o.t. formalitetar knytte til korrekt eigedomsatrikkel, og til endringar i kommune- og fylkesinndeling frå 1. januar 2020, men er elles ikkje endra.

Innkomne fråsegner

Framlegg til forvaltningsplan vart lagt ut på offentleg høyring 04.03.2024, med høyringsfrist 01.05.2024, seinare forlenga til 15.05.2024, dvs. etter det opne informasjonsmøtet som Statsforvaltaren arrangerte 07.05.2024. Det kom inn fem fråsegner til framlegget, frå Vestland fylkeskommune, Sunnfjord kommune (to fråsegner), Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, og BKK AS (sjå vedlegg).

E-postadresse:

sfvpost@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

www.statsforvaltaren.no/vl

Org.nr. 974 760 665



Vestland fylkeskommune tek opp at alle graver og gravminne frå mellomalderen er automatisk freda. Dei er positive til ein besøksstrategi og at fartsgrensa gjennom landskapsvernområdet vert nedsett. Vestland fylkeskommune meiner det kan vere bra å skilje mellom den nye og den gamle kyrkjegarden. Den nye er framleis i bruk, medan den gamle ikkje er i bruk og har ei typisk men sjeldan utforming med gravene synlege som haugar i terrenget. Dei ønskjer nedsett fartsgrense gjennom området.

Statsforvaltaren vil følgje opp i samarbeid med fylkeskommunen å ta vare på kulturminna med kapellet og gamal og ny kyrkjegard. Særleg viktig oppfattar vi dei gamle og spesielle gravene på den gamle kyrkjegarden, og at dei og steinmurane kan bli skada over tid m.a. av (tung-)trafikken. Nedsett fartsgrense gjennom området er ønskjeleg.

Sunnfjord kommune tek opp at dei etterlyser klarare føring for kraftlinja gjennom området. Kommunen ønskjer ikkje gangfelt i området for kan skape meir trafikkfare. For Hestad kapell viser kommunen til kulturmiljøplanen, der det m.a. er teke opp behov for eit operativt sprinkelanlegg i kapellet, og kapellet som læringsarena. Sunnfjord kommune støttar framlegget med omsyn til infrastruktur i landskapsvernområdet med tiltak og besøkstrategi, mellom anna at det ikkje er ønskjeleg med parkering om natta ved Hestadgrend bedehus. Sunnfjord kommune har ansvar for vassforsyning og slamhandtering av toalettet, og at det vert lagt opp til noko meir besøk og arrangement. Områda rundt landskapsvernområdet har formåla LNF, med omsynssone landskap og bandlegging naturvern og kulturminne i framlegg til kommuneplanen sin arealdel. I ei tilleggsfråsegn går Sunnfjord kommune inn for at fartsgrensa på Fv 610 vert sett ned til 40 km/t gjennom landskapsvernområdet.

Statsforvaltaren sett pris på Sunnfjord kommune sitt engasjement for Hestad landskapsvernområde og Hestad kapell, både med omsyn til brannfare og nedsett fartsgrense på Fv 610, og vi vil følgje opp dette i samarbeid med Sunnfjord kommune.

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE viser til tidlegare innspel, og ber Statsforvaltaren ta kontakt med BKK AS sidan dei er eigar av 22 KV kraftlinja gjennom området.

Statsforvaltaren følgde opp NVE si oppmading med å ta kontakt med BKK slik at dei kom med fråsegn til forvaltningsplanen.

BKK AS tek opp at dei må ha høve til drift og vedlikehald av høgspentleidningen på 22 kV gjennom området. Det må ryddast skog ved behov innanfor ryddebeltet, og maskiner og bilar må ha tilkomst til leidningen alt etter behov m.m. Behovet for å halde vegetasjon på avstand frå ledningen følgjer av bl.a. Forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Ved havari eller andre behov for reparasjonar må komponentar, også master, kunne fornyast. BKK har ikkje ein konkret plan for å leggje om nettlysninga i dette området. Framtidig omlegging til kabel i Hestadfjorden kan vere eit aktuelt alternativ når det oppstår behov for reinvestering av luftleidningen, men BKK kan ikkje no gi nokon garanti for at dette blir gjort. BKK presiserer at dei som monopolistskap, med områdekonsesjon etter energilova § 3-2, ikkje har høve til å flytte eller erstatte luftleidningen med kabel så lenge det ikkje er naudsint av omsyn til nettet.

Statsforvaltaren vil følgje opp BKK sine interesser slik at naudsint vedlikehald for 22kV kraftlinja kan bli følgt opp og gi naudsint løyve for dette. Vi forstår at BKK ikkje kan følgje opp omlegging til kabel i Hestadfjorden med det første, men ønskjer ein dialog om dette slik at det kan realiserast i framtida. Eit spleislag for å få til det kan vere aktuelt, fordi det er ein viss brannfare frå kraftlinja gjennom området.

På det opne informasjonsmøtet 07.05.2024 var brannfaren eit viktig tema; både behovet for eit operativt sprinkelanlegg i kapellet, og at 22 kV leidningen gjennom området utgjer ein viss brannfare. Kabel i Hestadfjorden vil difor vere svært ønskjeleg. Det bør kome skilt om forbod mot



(bibil)-overnatting på P-plassen ved Hestadgrend bedehus. Møtelyden ønskte nedsett fartsgrense til 40/50 km/t, slik at det ulovleg oppsette autovernet kan fjernast. Det bør setjast opp ein eigen informasjonsplakat om Hestad landskapsvernombordet, og bad om at gamle tavler då vert erstatta og fjerna.

Statsforvaltaren vil følgje opp det som kom opp på møtet om 22 kv kraftlinje og nedsett fartsgrense, helst til 40 km/t, gjennom landskapsvernombordet. Vi vil lage ein eigen informasjonsplakat/tavle om Hestad landskapsvernombordet.

For fråsegnene og referat frå informasjonsmøtet viser vi til vedlegga ved dette brevet. Alle fråsegner er tekne omsyn til så langt det har late seg gjere i medhald av verneforskrifta, og er innarbeidd i forvaltningsplanen.

Forvaltningsplanen for Hestad landskapsvernombordet blir publisert på nett og på nettsida til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Tom Dybwad
prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 MU2024-5 Basiskartlegging av Hestad LVO i Indre Sunnfjord (003)
- 2 Hestad landskapsvernombordet - vernekart Miljødirektoratet september 2024.pdf
- 3 Forvaltningsplan for Hestad lvo - fotovedlegg godkjend plan okt 2024
- 4 Alle fråsegner til forvaltningsplan 2024
- 5 Lovdata - forskrift + §48 Hestad lvo
- 6 Besøksstrategi for Hestad landskapsvernombordet 2024 (forvaltningsplan)

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM



Mottakerliste:



Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gunnar Hestad	Viksdalsvegen 884	6973	SANDE I SUNNFJORD
Hestadgrend grendalag v/ Ingunn Kjelstad		6973	SANDE I SUNNFJORD
Fortidsminneforeningen v/Åshild Selsjesæter		6973	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Hestadgrend Bedehus v/Joar Årnes	Hestadfjordvegen 435	6973	SANDE I SUNNFJORD
SUNNFJORD BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Karen Hornnes Hornnesvegen 113	6809	FØRDE
Sunnfjord jeger- og sportsfiskarlag v/ Thomas Grepstad			
VISIT DALSFJORD AS	Trossevegen 5	6963	DALE I SUNNFJORD
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
Gaular Bondelag v/ Margun Øren			
VESTLAND FYLKESKOMMUNE FYLKESRÅDMANN	Postboks 7900	5020	BERGEN
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE KULTUR IDRETT OG INKLUDERING	Postboks 173	6801	FØRDE
SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Karen Hornnes Hornnesvegen 113	6809	FØRDE
DNT SOGN OG FJORDANE AVDELING FØRDE	Langebruvegen 9	6800	FØRDE
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SGQN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NATURVERNFORBUNDET I SGQN OG FJORDANE	Postboks 691	6801	FØRDE
NATURVERNFORBUNDET I SGQN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
SFE PRODUKSJON AS HOVEDKONTOR	c/o Sogn og Fjordane Energi AS Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
UNIVERSITETET I BERGEN	Musépllassen 1	5020	BERGEN
UNIVERSITETSMUSÉET I BERGEN			



UNIVERSITETET I BERGEN DET MATEMATISK-NATURVITENSK FAK	Postboks 7803	5020 BERGEN
Vestland Bondelag		
FJORDANE LOKALLAG AV FORTIDSMINNEFORENINGA SGN OG FJORDANE	Øyragata 9	6887 LÆRDAL
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST ANLEGG	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301 OSLO
AVINOR AS	Postboks 150	2061 GARDERMOEN
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD SGN OG FJORDANE	Stardalen 700	6843 SKEI I JØLSTER
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD HOVEDKONTOR	Postboks 94	1378 NESBRU
Norsk institutt for naturforskning		
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboes gate 8	0183 OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVDELING SGN OG FJORDANE	v/Nils Christian Bjørgo Sandvik Gard	6926 KRAKHELLA
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001 BODØ
STIFTELSEN WWF VERDEN S NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130 OSLO
FORTIDSMINNEFORENINGEN	Dronningens gate 11	0152 OSLO
Statens naturoppsyn v/ Liv Byrkjeland		
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116 OSLO